

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2023

55 . årgang

God påske!

Les om raudstrupa, i utdraget frå
Kristuslegender s. 10

Av innhaldet:

Påskeandakt av biskop

Ole Kristian Bonden	s. 4	Nytt frå Blåfladt Gard	s. 16
Velkommen til ny biskop	s. 5	Kommune-info	s. 18
Fasteaksjonen – Kirkens nødhjelp	s. 6	Påske - hjernetrim	s. 20
Vår salme	s. 12	Dåpshøgtid	s. 21
Ønskediktet	s. 13	Prestens hjørne	s. 22
Nasjonaljubileet – Norge i 1000 år	s. 14	Gudstenesteliste	s. 23





DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
 Marie Bjørnødegård
 tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
 E-post: mb836@kyrkja.no
 Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST
 Marit Slettum
 tlf. 913 93 314
 E-post: ms638@kyrkja.no
 Inga fast kontortid, men er ofte innom
 Opptake? Legg gjerne ett beskjed
 Samtale? Ring og avtal tid
 Måndag er prestens fridag



ORGANIST
 Sergio Okstad
 tlf. 90 21 29 45
 E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
 Helena Wright
 tlf. 951 78 041
 E-post: hw337@kyrkja.no



KYRKJETENAR
 Nils Kjell Nilsen
 Tlf. 918 22 336
 E-post: nn934@kyrkja.no



KONTORSEKRETÆR
 Laila Sveen
 Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183
 E-post: ls456@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
 Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
 61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
 Magnhild Claudius, leiar
 Tlf.: 94164449
 E-post: magnhildc85@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD
 Steinar Stenseth, leiar
 Tlf. 975 69 228
 E-post: steinarsten@gmail.com



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD
 Anders Grønbekk, leiar
 Tlf. 905 64 184
 E-post: angro53@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
 Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
 Redaktør: Marit Slettum
 Fast medarb.: Ingun Kompen og Wenche Hillestad Møller

Ekspedisjon:
 Kyrkjakontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
 Kr. 250,- eller meir for året
 Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-
 Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla

Bibelordet:



"Vennlige ord er som dryppende honning, søte for sjelen og sunne for kroppen."
Salomos ordspråk 16,24

Forsidefoto: Ole Knut Steinset

Kirkens nødhjelp, fasteaksjonen 2023

Det blir bøsseksjon søndag 26. mars - tysdag 28. mars, der konfirmantane vil banke på dører i heile Etnedal. Dei er elleve, og det er ikkje sikkert dei rekk alle, men uansett om du får besök eller ei (og om du ikkje har kontantar) kan du vippse til 2426. Sjå elles s. 6-7



FASTEAKSJONSKVELD

På Bruflat menighetshus
tysdag 28. mars kl. 18.00

Konfirmantane deltek saman med Marit prest, diaconiutvalet og regionleder i Kirkens nødhjelp Kristin Tepstad Eide.

Kjære alle som les Kyrkjeverden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av bladpengar og gåver til bladet vårt! Rundt 620 ex blir lagt ut i postkassene her i bygda, og 160 utanom dalen får Kyrkjeverden i postkassa. Vil du gi eit bidrag i år? Bankgironr. er 2140.07.03822. Innanbygds kr. 250, utanbygds kr. 300, men andre beløp blir takne imot med stor takk!

Helsing
Kyrkjeverden
Marit prest
Redaktør

Gudstenester i påska

Palmesøndag, 2. april
kl. 11 Klubblhuset, Mosletta

Skjærtorsdag, 6. april
kl. 11 Etnedalsheimen
kl. 19 Bruflat kyrkje



Langfredag, 7. april
kl. 11 Etnebu, Røde kors-hytta på Lenningen

1. Påskedag, 9. april
kl. 11 Bruflat kyrkje

2. Påskedag, 10. april
kl. 11 Nord-Etnedal kyrkje

Hjarteleg vel møtt!

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter
Tlf. 410 47 417



KYRKJE-VARDEN

Kristus er her, fordi vi er her!

Kvinnene fant graven tom. De fant ikke Jesus sin kropp, står det. Hvor var han egentlig, den oppstandne? Det lurtet kvinnene ved graven på også.

Så skjedde det noe. To fremmede spør: «Hvorfor leter dere etter den levende blant de døde?»

Spørsmålet må ha vekka noe i dem. «Da husket de hans ord», står det. Det minna dem om det Jesus hadde sagt før han døde. Ja, de huska ikke bare ordene hans. Ordene satte dem i bevegelse. De gikk, de løp, de sprang – og de fortalte det til alle de andre.

Underveis møtte de ham også, den oppstandne Jesus Kristus. De kjente han ikke igjen med det samme. Hadde vanskelig for å tro at det kunne være han. Men han viste seg for dem på veien. Når han snakka med dem, og gikk sammen med dem et stykke. Når han delte brød og vin ved bordet. Når han ropte oppmuntrende til dem på en dårlig arbeidsdag etter timer med slit på sjøen, uten en eneste fisk i garnet. Det var hendelser hvor de kjente han igjen. Gjenkjente Guds kjærlighet og nåde i det hverdagslige livet. Hvor Jesus plutselig var midt i blant dem, fysisk, konkret, som et annet medmenneske. Som skapte tro, håp og kjærlighet i dem og blant dem og gjennom dem. Ja, som satte dem i bevegelse til andre.

Oppstandelsestroen setter mennesker i bevegelse. Først kvinnene ved graven. Så de andre disiplene. Deretter kirken og mennesker over hele verden. Oppstandelsestroen er drivkraft til liv. Den er helt grunnleggende ikke bare i kirkens liv, men i verdens liv.

Oppstandelsestroen ble til bevegelse, og bevegelsen ble til en kirke – og til liv for mange. Å ja, kirken kunne trå feil, gjøre mennesker urett, svikte Gud. Men den er også bærer av oppstandelsestroen til trøst, håp og handling. Som uavbrutt beveger seg utover, til utkanten. Til verden. Jesus er ikke i graven. Han er stått opp. Han er her, fordi vi er her.

Ole Kristian Bonden
Biskop i Hamar



**Guds lam –
Motiv fra
bispekapå
i Hamar
bispedømme**



Han sto opp før dagen demret

Han sto opp før dagen demret;
dødens dype natt tok slutt.
Kristus lever, han har seiret;
dødens mørke makt er brutt.
Sol og måne, jord og himmel,
dyr og fugler, gress og trær,
alle ser og alle jubler: Han er oppstått,
Gud er her!

Han sto opp for dem som brakte

blomster til hans tause grav.
Han sto opp for sine venner,
dem han elsket og holdt av.
Graven kunne ikke kneble
ham som er Guds skaperord.
Kristus lever, vi gir stemme
til en sang om håp på jord.

Han sto opp, hans venner fryktet

jordens mørke, dødens natt.
Han sto opp da troen sviktet,
da de trodde seg forlatt.
Fylt av mismot var vi alle
til han delte vin og brød.
Kristus lever, vi skal leve,
det er døden som er død!

Han sto opp før dagen demret; ut av natt brøt lyset fram.

Kristus lever, han har seiret;
evig lever vi med ham.
Han er her og han vil skape liv
der natt og mørke bor.
Kristus lever, vi skal bære
Herrens seierstegn på jord

Tekst: John Bell og Graham Maule

Melodi: John Bell

Omsetjing: Sven Aasmundtveit

Velkommen – biskop Ole Kristian Bonden!

- Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap som er opne, og der folk kan føle seg frie å oppleve at dei hører til.

Det sa biskop Ole Kristian Bonden i takketala si til dei frammøtte etter at han vart vigsla som biskop i Hamar domkyrkje 29. januar 2023.

Innsettinga av Bonden skjedde i ei høgtideleg gudsteneste med fullsett domkyrkje, der H.M. Kong Harald deltok. Det gjorde også representantar frå Storting, Regjering og rettsvesen saman med inviterte gjester og folk flest.

Biskopen våre er oppteken av ei raus og open folkekyrkje der alle kan kjenne seg heime. – Vi skal bygge på dei gode tradisjonane vi har, der mange menneske, både tilsette og frivillige, gjer ein innsats for kyrkja si kvar dag, seier han.

Han ønsker også at kyrkja skal bidra til håp i ei verd prega av krig. – Eg trur kyrkja betyr mye for folk, og det er mange utfordringar vi slit med både på det personlege plan, men også i verda i dag. Da treng vi ein stad å ta vare på draumane våre om håp, om at det umoglege kanskje kan skje, at vi saman arbeider for både håp og kjærleik, seier han.

Han trekker fram dei to forgjengarane sine, Rosemarie Köhn og Solveig Fiske, som førebilete og store



Foto: Bispekontoret

inspiratorar. Dei var tydelege på at «Inga tru er for lita» og at «Gud gjer ikkje forskjell på folk». Dette er verdiar han sjølv ønsker å vidareføre.

Vigslingsgudstenesta ga eit godt bilet av dette. Her var det barnekor saman med domkoret, tekstlesing med representantar frå ungdomsråd, samisk utval og det nordiske bispekollegiet, og også dans som ein del av seremonien. Ole Kristian Bonden vil ha gudstenester der fleire kan kjenne att livet. – Dan er ein uttrykksform som kan formidle kjensler, stemningar og bodskap som ikkje alltid ord kan gjere seier han.

Han tar nå fatt på oppgåva med å leie kyrkja i Hamar bispedømme inn i framtidas utfordringar og moglegheiter:

- Som biskop i Hamar skal eg gå saman med dykk og bere korset som Kristi merke, som kyrkjas teikn i verda, som ei påminning om at ingen går einsleg. Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap der vi kan finne openheit, fridom og tilhøyrsle.

**«Eg vil gå inn i gjerninga,
med den nåde Gud vil gje meg.»**



Bøn under vigslinga av biskop
Ole Kristian Bonden i Hamar domkirke
Foto: Alf Simensen, NTB

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON

26.–28. MARS 2023

Fasteaksjonen er landets nest største innsamlingsaksjon etter TV-aksjonen. Pengene går til Kirkens Nødhjelps arbeid, både langsiktige prosjekter og akutt bistand i kriser.

Jordskjelvkatastrofen i Syria og Tyrkia har krevd utallige menneskeliv og gitt store ødeleggelser. Samtidig er millioner av mennesker over hele verden alleredet på flukt fra sult, krig, tørke, flom og konflikt. De humanitære behovene er enorme.

Fasteaksjonen viser behovet, men gir også håp. Det nytter å engasjere seg og tilgang til rent og trygt vann skaper store positive ringvirkninger på områder som utdannelse, helse og robusthet mot klimaendringer. Når mennesker har tilgang til vann der de bor, trenger ikke jentene som gjerne har denne oppgaven å bruke mange timer av dagen på å hente vann til familien. Dette gjør at de kan gå på skole og få seg en utdannelse, og de er ikke sårbare for overfall på lange og øde strekninger. Menneskene som bor i områdene blir mye mindre syke og de kan dyrke grønnsaker selv om forholdene er toffe grunnet tørke og klimaendringer. Forsyninger av vann er også svært viktig der infrastruktur har blitt ødelagt grunnet krig eller jordskjelv.

Les mer om Kirkens Nødhjelps fasteaksjon her:
www.fasteaksjonen.no.



ÅRETS AKSJON

- 711 millioner mennesker mangler tilgang til rent vann
- Dette tilsvarer 1 av 9 av verdens befolkning
- 700 barn under 5 år dør hver dag grunnet sykdommer fra urent vann
- 494 millioner mennesker mangler tilgang på et toalett
- 443 millioner skoledager mistes hvert år grunnet vannrelaterte sykdommer

Jordskjelvet: – Folk har mistet alt

I løpet av det første døgnet klarte Kirkens Nødhjelp å starte nødhjelpprospons i to av de hardest rammede byene etter jordskjelvet i Syria, takket være innsamlede midler fra blant annet fasteaksjonen.

Av: Anette Torjusen

Foto: Gopa-Derd/Kirkens Nødhjelp

– Takket være vårt katastrofefond kunne vi responde umiddelbart. Dette er en ufattelig tragedie, og det haster med å nå ut med hjelp. Kirkens Nødhjelp har jobbet i Syria siden 2012 med hovedsakelig vann, sanitær og hygiene og kjønnsbasert vold, sier Dagfinn Høybråten, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp.

Rapporter fra våre kollegaer i Syria forteller om enorme ødeleggelser og behov for hjelp. Kirkens Nødhjelp jobber i to av byene som er av de hardest rammede, Aleppo og Latakia. To byer med mange internt fordrevne etter krigen.

– Fattige og sårbare er de som alltid blir rammet i slike situasjoner, og dem er det mange av i denne regionen. Det vi kan si nå er at dette er en stor naturkatastrofe. Den har rammet svært befolkningstette områder, sier Høybråten.

Høybråten berømmer at så mange nordmenn nå støtter Kirkens Nødhjelps arbeid til dem som nå er rammet.



Enorme ødeleggelser i Syria som følge jordskjelvet. Foto: Gopa-Derd/Kirkens Nødhjelp



Kirkens Nødhjelp deler ut vann sammen med vår partner Gopa i Latakia i Syria. Foto: Gopa-Derd/Kirkens Nødhjelp

Stor mobilisering

– Folk har forstått at dette er en stor katastrofe med dypt alvorlige konsekvenser for mennesker som allerede er hardt rammet.

Det foregår nå en stor mobilisering for å nå ut til de jordskjelvrammede, og våre søsterorganisasjoner i Danmark og Østerrike samler inn penger til Kirkens Nødhjelps respons.

– Folk vi møter har mistet familie, venner og alt de eier. Det er en helt fortvilet situasjon, sier Benedicte Hafskjold, landdirektør i Syria.

Hun har besøkt flere av områdene som er ødelagt av jordskjelvet.

Deler ut vann og varme måltider

– Syria står allerede i flere store kriser, og jordskjelvet rammet 6. februar en befolkning som allerede lever under svært vanskelige forhold. Det er kolera i landet, det er enorm fattigdom, sult og økonomisk kollaps. Det er viktigere enn noen gang av vi er til stede for mennesker i Syria, sier Høybråten videre.

Kirkens Nødhjelp deler ut ulltepper, madrasser, medisiner, vann og varme måltider til de jordskjelvrammede.

Kirkens Nødhjelp har jobbet i Syria med hovedsakelig vann, sanitær og hygiene og kjønnsbasert vold. Behovene for hjelp er nå svært store, og det pågår en kamp mot klokka for å redde liv.

Som et resultat av konflikten i Syria trenger rundt 11,7 millioner mennesker humanitær hjelp, og ytterligere 13,3 millioner mennesker (inkludert 5,5 millioner barn) trenger hjelp til beskyttelse. Om lag 6,2 millioner mennesker er fortsatt på flukt innenfor landets grenser, og 5,6 millioner er flyktninger i nabolandene, inkludert Libanon, Jordan og Tyrkia.



Ta vel imot bøsseberarane

Raudstrupa, «Guds eigen fugl»

Av Tone Steinset



Morgobesøk på trappa

Ein tidleg morgen i mars sit den på trappa, raudstrupa.. I mangel på mark og andre virvellause kryp må den nøye seg med det den finn under fugleatinga. Den har nok betre vilkår langs sørvestkysten i Sør - Noreg, ikkje minst vinterstid.

Den fortryllande songen ventar den oftast med til den sit under eit buskas eller i skogen.

- og ingen kan være så plutselig nær og bli så plutselig borte - . Så presist sa Inger Hagerup det. Arne Ruste kan også få sagt det :

“Men plutselig, en lett rørelse, en nett bevegelse under busk og kratt, forsiktige flytt fra gren til kvist til spadeskaft, til mosesten, på saktmodig fot, på varlig vinge. Og så er det robin, rødstrupen, som er vendt tilbake.--”

Raudstrupa – yndlingsfugl i England

I England er den ein yndlingsfugl, heiter robin og er julefuglen som er avbilda på julekort, serviettar og

dukar. Ja, så menn har den dukka opp på liknande gjenstander

her hos oss også! På slike avbildingar har den gjerne eit bær i nebbet eller sit i ein bærbusk. Ikkje så rart, ettersom bær er ein viktig del av kosthaldet.

Best synger den i lysninga og om kvelden. Dei fyrste tonane kan knapt høyast, så fortset den med milde, skjelvande fløyt. Deretter boblar songen fram i fri utfalding.

Den blandar seg ofte med svarttrosten sine melankolske, poetiske lydbilete, som nesten kan minne om religiøse folketonar. Både er solistar i morgongryet sitt blandakor.

Raudstrupa er gjerne blitt kalla tiurklokka, av di dei fyrste tonane ofte kjem samtidig med at tiuren startar leiken.

Lokkelyden til raudstrupa assosierar eg med lyden i stoveuret til besteforeldra mine når bestefar trekte det opp. Tikk tikke rikk! Ser du da ein liten bylt som nikkar med overkroppen og ser på deg med svarte, kulerunde augo, så er det raudstrupa.

Den er ein fugleart i trostefamilien og veg rundt 20 gram. Hoa er åleine om å bygge reir og ruge dei 6-7 gulkvitte egg. Reiret er godt plassert under lauv og trerøter, og reviret blir vakta med nebb og klør! Den bles seg opp, så den ser ut som ein fjørball, der dei raude fjøra blir best mogleg synlege. Raudstrupa hekkar opp til Troms, i heile Storbritannia og Irland, over heile Europa og Middelhavet og opp til Uralfjella og Novosibirsk.

Ungane er ganske anonyme i fargane til dei blir ungfuglar. Då blir både kjønna like med varmt, rustraudt bryst, kinn og panne.

Raudstrupa - den mest kjende Kristuslegenda til Selma Lagerlöf

Raudstrupa er opphav til fleire sagn og fablar i den tradisjonelle folketrua .Den er og blitt kalt Guds egen fugl, og har også fått æra av å ha brakt ilden til menneska!

Selma Lagerlöf skreiv mange Kristuslegender. Den mest kjende er vel Raudstrupa.



Raudstrupa, foto: Ole Knut Steinset

Selma Lagerlöf

I 1858 vart Selma Ottilia Lovisa født på Mårbacka Herregård i vakre Värmland som ei av fleire sysken. På grunn av ei medfødt hofteskade, var ho lite ute og leikte. Foreldra hennar førde eit gjestfritt hus, der mange som for etter vegen, tok inn. Mange hadde segn og gamle historier å fortelje. Selma sat og høyrd etter, og dette gav god næring til fantasien hennar. Faren vart sjuk då Selma var ti år. I si barnlege tru lova ho Gud å lese heile Bibelen, dersom han gjorde faren frisk att. Det kan vel hende ho hoppa over nokre sider her og der, men faren vart frisk og levde i sytten år til!

Med ei solid ballast av ordrikdom og fantasi, tok ho til å skrive bøker, attåt at ho tok lærarutdanning .Ho engasjerte seg og i samfunnsspørsmål i Sverige og mange andre land..

Hennar evne til å tolke gåta om sjølve livet, og til å gjøre lesaren kjend med alle slag menneska og deira lagnad på godt og vondt, gjorde henne til ein svært populær forfattar.

I 1909 fekk ho Nobelpriisen i litteratur. For pengane kjøpte ho att Mårbacka som faren av økonomiske grunnar hadde måtte selje.

Som lærar visste ho å gjøre geografi interessant ved å skrive “Niels Holgersons underbara resa genom Sverige”, der gutungen får sjå heile Sverige frå ryggen av ei gås. Boka er oversett til over 30 språk.

Dei mest kjende bøkene hennar er Gøsta Berlings saga og En herregårds saga. Her spinn fantasien hennar lange lenker heilt opp til det fabulerande. Vidare kom Anna Svärd, Kristuslegender og Jerusalem. Den siste er i to bind og er ei soge om bønder frå Dalarne, som etter ei religiøs vekking forlet alt og dreg heimafrå for godt og slår seg ned i Jerusalem.

Dei av oss som har besøkt Mårbacka, har lagt merke til den atmosfæren som kviler over biblioteket og arbeidsrommet til denne folkekjære diktaren. Det var nok her ho fekk ro til å skrive alle dei utrulege historiene sine.

Utsnitt av Kristuslegenda om raudstrupa

«Det sat ein liten fugl saman med ungane sine på ei lita høgd utafor murane i Jerusalem. Ho fortalte dei om alt ho hadde streva for å få meir raudfarge på fjørene sine, ettersom ho vart kalla raudstrupe i skapingsstunda. Men Gud hadde sagt til den at den måtte gjere seg fortent til det...

Plutseleg tidde ho, for gjennom ein av portane til Jerusalems murar kom det ein menneskeskare, ryttarar på vakre hestar og soldatar med lange spyd.

Det kom bødlar med hamrar og spikrar, prestar og dommarar, kvinner som gråt og folk som for hit og dit med skrik og skrål.

Den vesle fuglen skalv. "Ver varsame", ropte den til ungane sine, og dei kraup tett saman. Ho hoppa ned i tornekrattet, der ho hadde reiret sitt og breidde vengene over ungane sine. Ein hest trampa like over dei, og ein soldat var nær ved å trø på dei med jernskodde sandalar.

Raudstrupa følgde med på heile dette forferdelige skodespelet, der tre ugjerningsmenn vart korsfesta. "Så grusame menneska er", sa den. Ho kunne ikkje ta blikket frå dei tre ulykkelege.

På hovudet til den eine hadde dei til og med festa ei krone av stikkande tornar.

"Hadde eg vore ei ørn, skulle eg nappa ut tornane og rykka naglane ut av hendene hans. Eg ser at tornane har såra panna hans, så blodet flyt." No greidde ho ikkje å halde seg i ro lenger, men flaug bort til han som bar tornekrona. Ho var livredd medan ho kretsa rundt hovudet hans. Til slutt tok ho mot til seg, flaug like inntil og trekte ut ein skarp torn.

I det ho gjorde det, fall ein dråpe blod ned på brystet til den vesle, grå fuglen. Den breidde seg utover og farga heile brystet raudt.

Da opna den korsfesta munnen og kviskra :"For di store miskunn har du no vunne det som slekta di har strevd etter å få sidan verda vart skapt."

Selma Lagerlöf

Tre frå kyrkjhestabben har valt påskesalmer dei likar særleg godt



Laila Sveen

«Deg være ære» er min påskesalme. For meg beskriver salmen glede, feiring, håp og tro – i tillegg har den en fin melodi.



Sergio Okstad

Eg har fleire, men veljer «Påskemorgen slukker sorgen» Frå fyrste strofe, eit sterkt uttrykk for det sentrale i påskebodskapen.



Helena Wright

«Det går frå urtehagen til Golgata en veg» Denne langfredagsalma som opprinneleg er frå heimlandet mitt Finland, er eit sterkt uttrykk for dei dramatiske kontrastane i den stille veka.

Det går frå urtehagen

Tekst og melodi: Carl Gotthard Liander

Det går frå urtehagen til Golgata ein veg,
som Anden med sin finger har teikna,
steg for steg.
Til Paradis den vegen ber,
men ein smertefull veg det er.

Av kjærleik til oss arme har Jesus vegen gått.
Hans dyre, varme hjarte
har der sin dødssting fått.
Til paradis den vegen ber,
men ein smertefull veg det er.

Å kjærleik, store, djupe!
Han viljug tok på seg å døy
for skuld og synder til liv
for deg og meg.
Til Paradis den vegen ber,
men ein smertefull veg det er.

Kom, sysken, lat oss stanse
ved foten av hans kross
og kvile der med blikket
på han som leid for oss.
Til Paradis den vegen ber,
men ein smertefull veg det er.

Der skal ditt hjarte lære
den evig nye song
som vi for Herrens trone
skal stemme i ein gong
for han som vegen opna har.
Men ein smertefull veg det var.



Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei,
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.

Påskemorgen slukker sorgen

Tekst: N.F.S Grundtvig

Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradis.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.

Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold.

Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.

Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.

Deg være ære

Tekst: Edmund L. Budry, Melodi: G.Fr. Händel

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!

Refr.:

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!

VÅR SALME

Takk for tilliten, Vegard Brusveen.

Vi har valt salmen «blå salme» av Erik Bye. Dette er ei salme som vi begge synest er veldig fin, og som vi meiner fleire burde høre.

Med det så ynskjer vi å sende stafettpinnen vidare til min gode ven Ronni Grønbekk!

Takk for oss!

Espen L. Hagaseth & Karoline R. Omdahl



Blå salme

*Jeg synger meg en blå, blå salme
når dagen svinger hatten til farvel
og ror med sakte åretak mot strender
dit alle dager ror når det blir kveld.
Da søker jeg min hvile ved treets trygge rot
mens sankthansormer gløder grønt
i gresset ved min fot.
Da synger jeg min salme.*

*Jeg synger meg en blå, blå salme
og takker for all grøde som ble min.
For lyse døgn, for barneskritt i tunet
og dine gode kjærtregn mot mitt kinn.
Men øg for våkenetter som aldri unte ro
men gav min dag et dunkelt drag
jeg aldri helt forsto.
Nå synger jeg min salme.*

*Jeg synger meg en blå, blå salme
til deg, du Hånd som sanker og som sår
og senker deg med signing over jorden
med legedom for alle våre sår.
Som byr oss rette ryggen stå opp og gå i strid.
med løftet hode skal hver sjel gå inn i Herrens tid.
Så synger vi vår salme.*

Ukrainsk – norsk vennorskapskonsert



Palmesøndag, 2. april kl. 17.00
i Bruflat kyrkje



Daria (12)
og Milana
(10) Sud-
denko frå
Ukraina



Organist Sergio
Okstad



Aage Sogn,
eigenkomponerte
låter

Servering av ukrainsk mat etter konserten
Gratis innang - Gåve til Ukraina

ØNSKEDIKTET

På utfordringen frå Laila Hestekind til ønskediktet, måtte det bli dette. Første gongen eg hørde det, var på ei samling i Kreftforeninga for snart 28 år sea.

Eg gløynde det ikkje, og les diktet rett som det er. Gudrun Lid Sæther var i ei stor krise då ho skreiv dette. Det følte nok eg også den gongen eg mista stemma eg hadde hatt i 53 år. Takket vere flinke legar og gode hjelpemiddel, har eg levd godt med stemma eg har. Det er eg so takknemleg for. Eg sender utfordringa vidare til Gerd Bergene.

Anne Lise Grønbrekke

IKKJE DYTT

*Ikkje dytt,
eg må få gå trappa sjøl.
Vil du gå fortare med andre pauser,
så er det greit det.*

*Ikkje dytt!
Eg må få stå her ei stund,
– kvila, kava, gråta, le.
– Ryggja og setje eine foten ned att på
forrige trinn – kjenna ekstra etter om
eg er ferdig til å gå vidare.*

*Ikkje dytt!
Det er så vondt å snubla.
Eg gjør det likevel, men då er det på
min måte – den er tryggast for meg.*


*Ikkje tru at trappa er lettare å gå
fordi du veit kva neste trinn heiter.
Men det er fint at du vinkar.*

*Det er trygt å ha deg saman med meg,
for eg leitar etter nokon å halde i.
Fint å ha nokon stødig bak ryggen,
nokon som kjenner trappa.*

*Det er tungt å gå åleine,
fint å ha deg der; men ikkje dytt! –
Eg kjem i mitt eige ganglag eg.
Det er fint å sjå at andre har kome seg opp.*

*Eg er i seget,
men ha tolmod med meg!*

Gudrun Lid Sæther



Vårleg helsing frå Keukenhof,
Tulipanparken i Nederland
Foto: Privat

Valdres i 1000 år 2023

Snorre forteller at kristendommen kom til Valdres ved tvang og list. Olav Haraldsson skal ha tatt seg over fjellet fra Lærdal høsten 1023, og samlet folket til ting. Der bød han dem kristendommen, men de tok ikke mot. Om natten lot han gårdene på andre siden av fjorden rane og brenne. Da bad bøndene om fred og fikk grid. Snorre er både konkret i omtalen og omrentlig med fakta.

Den brutale historie er det ikke noen grunn til å feire. Vi vet også at Olav døde i slaget på Stiklestad i 1030 og at han seinere ble en helgen. Men det som er mest spennende for oss som skal organisere 1000 års feiringen i Valdres er hva dette hadde å si for Norge og Valdres i årene etterpå og fram til i dag.

Hvilke endringer skjedde i samfunnet for 1000 år siden med kristenheten som Olav hadde med seg og med organiseringen av Norge? Hvordan endret dette folks tenkemåte og ikke minst hvilke utfordringer står vi overfor i den brytingstid vi nå lever i? Vi håper at det å bli kjent med fortida, både det som var kritikkverdig og det som var av det gode, kan gi innspill til hvordan vi bygger gode lokalsamfunn som gjør Valdres til et godt sted å leve. Dette må vi stå sammen om, både de som med lange røtter i Valdres, og de som seinere har flyttet til. Viktig er det også å ta med flyktninger som har funnet sin plass i Valdres. Vi har hentet inspirasjon fra verdigrunnlaget som er satt opp fra Nasjonaljubileet:

1. Hvordan en skaper et felleskap som både tåler og verdsetter ulikheter?
2. Finnes det verdigrunnlag som er ufravikelige?
3. Hvordan forstår og definerer vi oss selv i møte med andre?
4. Hva tar vi med oss fra fortiden og hva leverer vi videre?
5. Hvordan former vi et samfunn i spenning mellom tradisjon og fornyelse?

Prosjektet Valdres i 1000 år støtter arrangement som markerer jubileet og som har i seg jubileets verdigrunnlag. De vil også kunne bruke logoen som er laget til 1000 års feiringa. Vi vil gjerne høre fra dem som har gode ideer som de kunne tenke seg å realisere. Vi ønsker oss spennende møteplasser og vi har fått noen midler så vi kan støtte flere arrangement.

Styringsgruppa består av prost Carl Philip Weisser, Ingebjørg Moe fra Valdres historielag, Ove Ekerbakke fra Øystre Slidre kirkekontor, Katharina

Sparstad fra Valdres natur og kulturpark, Ole Aastad Bråten fra Valdresmusea, Geir Kongslien fra Vestre Slidre kirkekontor, Aud-Karin Hovi fra Nord Aurdal kirkekontor og Eivind Brenna.

Starten på feiringa skjedde allerede ved nyttårsleite. Da ble Olavflammen, som ble tent på Stiklestad, brakt til Valdres. På Kvithøvd, høyeste punkt på åsen mellom Vestre Slidre og Øystre Slidre ble denne ilden overrakt fra presten i Øystre til presten i Vestre Slidre. Så ble den tatt med til museet på Fagernes der den blir tatt vare på og brenner hele jubileumsåret.

Det blir markeringer og arrangement gjennom hele året. Flere arrangement er allerede gått av stabelen; Julegudstjenesten for ungdomsskolen i Øystre Slidre der ordfører og ungdommer tok imot Olavsflammen som var kommet fra Stiklestad.

På Valdres Folkemuseum var det den 9. februar et svært interessant seminar med tittel: «Valdres for 1000 år siden». En fullsatt sal fikk spennende dyptdykk i historien ved mange dyktige foredragsholdere. Planen er at foredragene skal gis ut i bokform.

I februar gikk foredragsserien «Grønt håp» av stabelen tre torsdagskvelder i Hegge kyrkjestogo. Her samarbeidet Naturvernforbundet i Valdres og kyrkja i Øystre Slidre. Målet var å se sant på klimasituasjonen samtidig som en ikke lar seg overmanne av håpløshet.



På programmet framover:

1. – 30 april ARV. Smykkeutstilling i Høre Stavkyrkje. Gullsmed og smykkedesignar Reidun Breistig har laga ei utstilling av smykker knytt til hennar kristne tru, og tilpassa og inspirert av Høre Stavkyrkje. Utstillinga opnar laurdag 1. april kl. 12.00. Utstillinga vil vere open når det er gudstenester i kyrkja, samt i helgene frå kl. 12.00-16.00.
- Lørdag 6. mai Relansering av Kyrkjepasset for Valdres. Det er et lite hefte med bilde og informasjon om alle kirkene i Valdres. Ved alle 33 kirker er det ei kasse med stempel. Meningen er at en kan reise rundt og oppleve de flotte kirkene, og samle stempler. Når en har vært ved de 8 middelalderkirkene kan en få en liten premie ved henvendelse til turistkontor eller kirkekontor. Har en stempel fra samtlige kirker blir en med på trekning av en kunstbibel ved sluttan av året.
«Bilgrimstur». Prosten inviterer til rundreise med avreise fra Fagernes til et utvalg av kirker i Valdres. Middag underveis. Påmelding.
- Lørdag 13. mai Åpning av Kulturstoga i Øye – nytt velkomstbygg knyttet til Øye stavkirke. Utstilling om bl a Olav Haraldsson.
23. juni – 1. juli. Pilegrimsvandring Hedalen stavkirke til Sankt Tomaskyrkja i Vang.
- Søndag 2. juli Messe ved Fystrokyrkja
- 26 – 29. juli «På sporet av Heilag Olav si ferd gjennom Valdres 2023». Pilegrimsvandring fra Tangen i Etnedal til Slidredomen 29.juli. Tre overnattinger. Fjellprest Eli Vatn planlegger sammen med en egen komite fra soknerådene langs ruta. For påmelding; ta kontakt med Eli Vatn, e-post: ev896@kyrkja.no
- Lørdag 29.juli Olsokfeiring og felles hovedmarkering ved Slidredomen.
Arrangement ved Tingsteinen i Slidre.
Ansvarlig: Historielaget i Slidre.
Økumenisk freds-gudstjeneste i Slidredomen. Hamar biskop, tidligere og nåværende Valdres-prester og representanter for ulike tros-samfunn.
Olsokfeiring og folkefest etter messa.
Servering, underholdning og hilsninger.
- Lørdag 29. juli. Olsokgudstjeneste i Reinli
- Søndag 30.7.23. Olsokmesse i Lomen stavkyrkje. Olsokmesser og stølsmesser fleire steder i Valdres.
23. august. Spelstykke på tingplassen ved Leinesanden. V/ Vang historielag.
- 27.august. Kongeveg-vandring frå Olavskjelda på Breidablikk til Leirskogen kyrkje med konserten: «Som en kjelde klar og ren». Sør-Aurdal historielag og kyrkja i Sør-Aurdal
- August. Volbu, kultursti og kyrkjemuseum.
- 2 – 3 september Saltvegen over Filefjell. Vandring i samarbeid med Ragnar Eltun, Våg kommune, VNK og DNT.
- September Grubleseminar i Slidredomen.
- September Ungdom om ytringsfrihet i et kunstprosjekt. Nord Aurdal kommune er arrangør.
- September Musikk i 1000 år. Et samarbeidsprosjekt med fylket, NAK, Hilme,
- Sommersymfoni, Valdres i 1000 år
- September Ungdommens hærpil til Valdres
- Vår/høst-23 Ung i debatten
- Høst 23 Skolefokus på Valdres i 1000 år:
«Olavskilder i Valdres»?

Flere arrangement vil komme, så følg med.

Eivind Brenna og Carl Philip Weisse

Olavsflammen, som ble tent på Stiklestad er kommet til Valdres. På Kvithøvd, høyeste punkt på åsen mellom Vestre Slidre og Øystre Slidre lot Svein Hegge luren lyde da flammen ble overrakt fra presten i Øystre til presten i Vestre Slidre. Så ble den tatt med til muséet på Fagernes, der den skal brenne hele jubileumsåret.



Blåflat Gard

Aktivitetar våren 2023

- ✿ 23. mars: Handarbeidskveld med Husflidslaget
- ✿ 1. april: Vaffellaurdag. Hageplanlegging og vintersåing v/ Mari Nustad
- ✿ 1. april-30.mai: Utstilling kunst og handtverk
- ✿ 22. april: Vaffellaurdag med kino for dei yngste
- ✿ Vårdugnad veke 17
- ✿ 27. april: Handarbeidskveld med Husflidslaget
- ✿ 6. mai: Vaffellaurdag. Hjartemarsjen
- ✿ 25. mai: Handarbeidskveld med Husflidslaget
- ✿ 3. juni: Vaffellaurdag. Bruktmarknad og spikking med kniv og øks for dei yngste
- ✿ 10. juni: Grillaurdag med diverse aktivitetar/køyretøytreff

Arrangement blir publisert på facebook-sidene til vennelaget og stiftelsen.

Vil du bli medlem i Blåflat gards vennelag?

Medlemskontingent er kr. 150,- per år, vipps til #726622 eller overfør til konto: 2140.11.61349, merk med epostadresse (evt. namn).

Føremålet med Blåflat gards vennelag er å samarbeide med stiftelsen om å styrke og utvikle Blåflat gard som ein fellesskapsarena for folk med tilhørighet til Etnedal.

Takk.

Vi vil gjerne takke for all praktisk hjelp og økonomisk støtte som stiftelsen har mottatt det siste året.

Takket være dyktige håndverkere vil vi snart være utstyrt med et nytt, flott arbeidskjøkken, og gamlekjøkkenet til Signe har fått en ovn som det er trygt å fyre i. Dermed vil det også bli mulig å leie Øvrebygningen til selskap og arrangement med matservering.

Mange har også lagt ned mye tid for å «lage liv i husa», og året har vært fylt med en rekke trivelige arrangement for både små og store.

I dette nummeret av Kyrkjevarden vil dere finne vårprogrammet for Blåflat. Vi håper selvfølgelig at mange tar turen innom. Hagen står dessuten alltid åpen, og det er bare å slå seg ned på en benk der når vårsola begynner å titte fram, eller smake på ripsen når den blir moden.

Informasjon om stiftelsen finner dere på blaflat.no. Aktiviteter blir annonsert på Facebooksidene til vennelaget og stiftelsen.

Ønsker alle en fin vår!
Hilsen Stiftelsen Blåflat Gard

Parken på Bruflat og Blåflat Gard Hjartemarsj

Laurdag 6. mai kl. 12
Start: Parken på Bruflat.

Langrute = Kleivgardsrunden, Kortrute=Bruflat rundt

Poster med kviss, vatn og grønnsaker

Målgang på Blåflat Gard, med premiering, grønnsaker og frukt.



Etnedal
helselag

Etnedal kommune

- Minst og best -

Kommune-info
Sjå også Etnedal kommunens hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunenes facebook-side

Bedriftsbesøk

Wagner Uni Mek

Næringsutvikler Pernille Ødegård i Etnedal Utvikling og jeg har vært på bedriftsbesøk hos Ernst Wagner som driver firmaet Wagner Uni Mek. Ernst og kona Anne Kari flyttet til Etnedal litt ved en tilfeldighet i 2001 da de kom over det flotte småbruket ved Lundebrua. Siden har de vært gode Etnedalsambassadører i flere sammenhenger.

Ernst er en ettertraktet og kjent mekaniker innen sitt segment som har spesialisert seg på engelske motorsykler, men får også inn andre motorer og kjøretøy fra hele landet for istandsetting og renovering.

Ordreboka er stadig full for den kunnskapsrike og dyktige karen. Ernst har forbilledlig orden, og gjør ikke noe på en slump! Det er lett å skjonne hvorfor kundene valfarter hit fra fjern og nær med oppdrag. Han bygger både biler og motorsykler fra grunnen, og setter i stand det meste.

Ernst engasjerer seg også i ungdomsarbeid og brenner veldig for dette. Det er mange ungdommer som finner stor glede i å ”mekke”, og Ernst får mye skryt for jobben og engasementet sitt også på dette feltet.

Takk for at vi fikk komme på besøk og for den gode praten. Jeg er imponert!

Linda Mæhlum Robøle
Ordførar



Ernst Wagner på verkstedet sitt.




Etnedal kommune

- Minst og best -

Bedriftsbesøk Fagernes Kjøtt A/S

Ved diskken på Fagernes kjøtt. Rita Sirhaug ønsker velkommen og presenterer gode lokale kjøttvarer.



Næringsutviker Pernille og jeg har besøkt Fagernes Kjøtt A/S som er en familiebedrift med produktionslokaler og utsalgssted på Bruflat i Etnedal. Bedriften har seks ansatte.

Det er spekemat som er spesialiteten, og bedriften er viden kjent for den populære Arnoldpølsa som er signaturproduktet. Hvert år produseres 107 tonn pølse ved bedriften, og det bearbeides totalt ca 125 tonn kjøtt. Kjøttvarer fra Fagernes Kjøtt A/S distribueres i hele landet, men prioritertes solgt i Valdresregionen. I tillegg til spekemat produseres blant annet farse, medisterkaker og karbonader, og det skjæres og pakkes diverse ferskvarer.

Spekepølseproduksjon krever mye plass i forbindelse med tørkeprosessen. Det er gode fasiliteter og plass til dette som setter en grense for hvor mye pølse en kan produsere. Etterspørselen er nesten ubegrenset. Man må også sørge for å ivareta den ypperste kvaliteten på produktene, noe Fagernes Kjøtt A/S gjør til fulle!

Jeg fikk også prøve meg som pølsemaker, og det var veldig moro! Det eneste jeg kunne si var ”morsomt”, og det er sjeldent jeg blir så satt ut av det jeg driver med at jeg til og med legger om dialekta...

Tusen takk for nyttig og trivelig besøk hos en super gjeng og flott bedrift. Jeg er veldig stolt av produktene som lages lokalt her i Etnedal, og ønsker masse lykke til videre!

Ordførar Linda Mæhlum Robøle



Ordføreren fikk prøve seg som pølsemaker. Her er hun saman med de profesjonelle, Gabriel Razvan Enica og Ole Magnus Johansen. Bak Vidar Sirhaug og Geir Bjørnødegård



Den populære Arnoldpølsa er signaturproduktet på Fagernes kjøtt

PÅSKE-HJERNETRIM

1. Kva kjem ordet påske frå?
2. Korleis døydde Jesus?
3. Kva påskesalme har denne strofa:
"Den har oss givet..."
4. Kva heitte Abraham før det namnet
han fekk av Gud?
5. Kva betyr namnet Abraham?
6. Kva for fisk blir kalla havets sòlv?
7. Kva for eit berømt skip sank 15. april 1912?
8. Kva for noko etande er Asterix?
9. Kva treslag feller nålene?
10. Kven skrev "Jeppe paa Bierget"?
11. Kva dyr er verdens største landdyr?
12. Kva likar jordsvinet best å eta?
13. Kva kattedyr er det største som finst?
14. Kva kallast fjellpartiet mellom Lærdal og Valdres?
15. Kva språk snakka truleg Jesus?
16. Kva heitte mor til Jesus?



- Løysing**
1. Pesach er jødisk -
 2. Han var i krossfest til minne om jødene si flykt frå Egypt.
 3. Påskemoren slukker sorgene.
 4. Abram
 5. Far til mange.
 6. Sjeld
 7. Titanic
 8. Potet
 9. Lerik
 10. Ludvig Holberg
 11. Savanne-elefant
 12. Maur
 13. Tigger
 14. Filefjell
 15. Arameisk
 16. Maria
5. Jesus på korset
 4. «Emmausvandrerne», to av Jesu disipler
 3. Getsemane
 2. Hvorfor gråtter du, kvinne?
 1. Hodeskalle

Dåpshøgtid i Bruflat kyrkje 5. febr. 2023



Dåpsbarnet Ludvig Bergkvist Evensen sammen med foreldra Stine Bergkvist og Magnus Evensen.

En stor og mektig gave
har Gud meg engang sendt.
Han gav meg himmelriket
i dåpens sakrament

Hans dør står alltid åpen,
Han ber meg stige inn,
til sang og bønn og glede.
Han kaller meg for sin.

På veien gjennom livet
går jeg meg ofte vill,
men dåpen vil fortelle:
Jeg hører Jesus til.

Han sier: Kom tilbake,
Han står med åpen favn.
Så er jeg trygg i troen
I Jesu Kristi navn.

Eyvind Skeie



DØYPTE



Bruflat kyrkje
Ludvig Bergkvist Evensen

DØDE



Bruflat sokn
Torleif Oddvar Midthus
Tom Rune Kalve

Nord – Etnedal sokn
Odd Kvakestad

Konfirmantar i Bruflat kyrkje 4. juni 2023

Lene Bakken
Ingrid Nicolaysen Bergsbakken
Alfred Holte Breien
Sigmund Lyckander Espelien
Oskar Herstad Fjeld
Eivind Øybakken Elg Fossum
Kristian Fossum
Linn Korsvoll
Gunnar Stubbene
Madelen Andersen Urberg
Benjamin Øybakken Øvrebø

PRESTENS HJØRNE

«Nå, i dette øyeblikk står vi i Guds nåde»

*«Fortiden er omme.
Fremtiden skal komme
Nå, i dette øyeblikk står vi i Guds nåde.»*

Eg såg på TV-gudstenesta frå Hamarøy kyrkje, då denne salma av Trond Hellemo frå Senjahopen vart sunge. Det kalte fram eit sterkt minne frå Rørvik kirke i Bodø.

Eg var på kyrkjemøtet, der vi hadde daglege gudstenester.

Den enkle, djupsindige salmeteksten traff meg så sterkt at tårene rann, og eg såg glimt av nye perspektiver i livet mitt. Det var ingen dramatikk, men eg kjente meg omslutta av Gud, med erkjenninga av å vere i ein god prosess. Trua er ikkje statisk, den utviklar seg. Han tok til med den gode gjerning i oss, og kvar einaste dag opnar seg av nåde.

Jesus er vegen vår, han som døydde og sto opp att. Og så – dei siste versa ...

*«År som sank i havet.
År som er Guds gave.
Nå, i dette øyeblikk står vi i Guds nåde.»*

*Det som Herren sender.
Alt er i hans hender;
Nå, i dette øyeblikk står jeg i Guds nåde.*

*Tid vil være omme.
Evighet vil komme.
Hver en stund, hvert øyeblikk
står vi i Guds nåde.
Hver en stund, hvert øyeblikk
står vi i Guds nåde»*

Signa, god påskehelg!
Marit prest



Takk til Ellen Oddveig Rudi



Ellen har vært ansatt som diakon (kyrkjelydsmedarbeider) i Etnedal kyrkjeloge fellesråd siden mars 2016. Nå har hun sagt opp sin stilling, og sluttet 12. januar 2023.

Ellen har mange jern i ilden, og med både diakonstilling i Etnedal, teologi-studier og prestevikarstilling i Sør- Aurdal, ble det vanskelig å få tid til alt. Ellen takker for gode opplevelser og samarbeid i Etnedal både med staben og befolkningen, og vi takker Ellen for godt samarbeid og hennes gode tjeneste.



Marie Bjørnødegård,
kyrkjeverje

Prost Carl Philip Weisser til kyrkjelydsfesten 14. april



Kyrkjelydsfest
Bruflat menighetshus
fredag 14. april
kl. 18

Årsmeldingar og
rekneskap
Prost Carl Philip Weisser og
konfirmantane deltek.
Servering og utloddning
Arr.: Bruflat sokneråd

Kyrkjelydens årsmøte

Nord-Etnedal kyrkje,
etter gudstenesta 14. mai
Kyrkjekaffe.
Årsmelding – rekneskap
Arr.: Nord-Etnedal sokneråd

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



26. mars – Maria bodskapsdag

Preiketekst: Lukas 1, 26-38

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.

Takkoffer til Menneskeverd. Nattverd.

2. april – Palmesøndag

Preiketekst: Joh. 12, 12-24

Kl. 11.00 Klubbhuset, Mosletta

Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband

6. april – Skjærtorsdag

Preiketekst: Matt, 26, 17-30

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattvergdgudsteneste

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattvergdgudsteneste

7. april – Langfredag

Kl. 11.00 Røde-korshytta, Lenningen.
Takkoffer til Etnedal Røde kors hjelpekorps

9. april – 1. Påskedag

Preiketekst: Luk. 24, 1-9

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.

Høgtidsgudsteneste med dåp
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

10. april – 2. Påskedag

Preiketekst: Luk. 24, 36-45

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Høgtidsgudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.

17. april – Inga gudsteneste

23. april - 3. søndag i påsketida

Preiketekst: Joh. 10, 11-18

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Gudsteneste med dåp.
Tårnagentane deltek.

30. april – Inga gudsteneste

Måndag 1. mai - Arbeidernes frihetsdag

Preiketekst: Luk. 6, 31-36

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Solidaritetsgudsteneste.
Takkoffer til Norsk folkehjelp.

7. mai - Inga gudsteneste

14. mai – 6. søndag i påsketida

Preiketekst: Luk. 18, 1-8

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Gudsteneste med nattverd.

Takkoffer til Stefanusalliansen

Kyrkjekaffe. Årsmøte i kyrkjelyden.

17. mai – Grunnlovsdagen

Preiketekst: Luk. 1, 50-53

Kl. 10.30 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste.

Takkoffer til trusopplæringsarbeidet
i kyrkjelyden.

18. mai – Kristi himmelfartsdag

Preiketekst: Mark. 16, 19-20

Kl. 11.00 Blesen, Svilosen hos Sigrun og

Kåre Espeseth

Takkoffer til Stefanusalliansen.

21. mai – Inga gudsteneste

28. mai – 1. Pinsedag

Preiketekst: Joh. 20, 19-23

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.

Nattverd.

Takkoffer til MF-vitenskapelig høyskole

29. mai – 2. Pinsedag

Preiketekst: Joh. 16, 5-11

Kl. 11.00 Brusveen, Smiugardsbygda.

Nattverd.

Takkoffer til Norsk Luthersk
Misjonssamband.

24. mai

Kl. 18.00 Bruflat kyrkje.

Samtalegudsteneste

4. juni – Treeiningssøndagen

Preiketekst: Matt. 28, 16-20

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Konfirmasjon.

Takkoffer til Frelsesarmeene.

11. juni – Inga gudsteneste i Etnedal

18. juni – 3. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Luk. 14, 15-24

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Takkoffer til Frelsesarmeene.

Med etterhald om eventuelle endringar

Gudstenestene blir annonser i avis Valdres,
på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på face-
book-sida Kyrkja i Etnedal.

I naturens katedral



Foto: Marte Evensen